



Biskop Ole D. Hagesæther – attende i barnekatedralen tirsdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Biskopen er egentleg her for å inspisera, men først og fremst kjem han for å inspirera. Og det har vi godt av.  
Det var kapellan Åge Sætre som sa dette då han ønskte biskop Ole D. Hagesæther og rundt 50 uskedelingar velkommen til kveldsgudsteneste tirsdag - på den første dagen av visitasen i Kvinnherad prestegjeld.

Det er 15 år sidan sist det var bispevisitas her i bygda, men Hagesæther var i Uskedalen før jul i 2004 i samband med opninga av barnekyrkja og då fekk staden ein spesiell plass i hjartet hans. Det gav han til kjenne i går.



Biskop Ole D. Hagesæther og kapellan Åge Sætre i Uskedalen kyrkje. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Eg reiser og reiser og får så mange inntrykk, men Uskedalen kyrkje har ein spesiell posisjon i korga med minner. Eg minnest ho som den lille, store barnekatedralen, sa Hagesæther. Ikkje minst mintes han alle englane som skuleborna hadde forma den gongen. -Ein av dei var tom i hovudet og eg kjende att meg med ein gong. Eg tenkte at den hadde dei laga for meg, sa biskopen.



Magne Eik les under påsketablået i kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen kyrkje befesta i høg grad ryet sitt som barnekatedralen tirsdag og biskopen vart atter imponert. I eit samarbeid mellom Hobbyklubben på bedehuset og skulen var det laga og vart framført eit stort påsketablå. Skulen hadde danna eit spesielt kor som song og medlemmer av Hobbyklubben las – saman med Magne Eik og kapellan Sætre. Programmet var ein fin introduksjon til påska.

Tidlegare på dagen hadde biskopen mellom andre møtt ungdomsskule-elevar i Rosendal og svara på mange gode spørsmål. Og før gudstenesta hadde han middag på Solheim Turiststasjon saman med sokneråda i Ænes, Kvinnherad og Uskedalen. Middagen var organisert og finansiert av Uskedalen sokneråd og soknerådsmedlemmene hadde der ei svært interessant meiningsutveksling med biskopen. Han tvilte på om han hadde opplevd noko lignande under sine 80 visitaser!

- Eg er takksam for at det er nokon som fortel om Jesus til stadig nye generasjonar. Og det viktigaste eg gjer når eg reiser rundt er å høyra etter om dei fortel om Jesus eller om dei fortel noko anna. Gjer dei det siste, blir eg lei meg og ber dei om å halda opp med det, sa biskopen, som også fortalde om ei spesiell replikkveksling i landsfengslet i Bergen. Der sat han bak ein fange og sa til denne at det måtte vera godt å ha biskopen i ryggen. Men svaret kom straks: . - Jau, det er nok så, men enda viktigare er det å ha Jesus i hjarta!  
- Det var ein så fantastisk replikk at eg hoppa over heile preika, sa biskopen.

Av Ola Matti Mathisen



Skulekoret som var danna for bispevisitasen syng . (Foto: Ola Matti Mathisen)